



Deloitte

Referanser:

Dykkar: Hamre, Lina
Vår: 18/1753 - 19/5484

Saksbehandlar:

Kristin Moe
Kristin.Moe@lindas.kommune.no

Dato:

21.02.2019

Oppstart av forvaltningsrevisjon i Lindås kommune

Viser til skriv frå Deloitte med informasjon om forvaltningsrevisjon av arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø i grunnskulane i Lindås kommune, datert 7. februar 2019.

Leif Bjørnar Hopland vil vere Lindås kommune sin kontaktperson i arbeidet med forvaltningsrevisjonen. Han er tilsett som rådgjevar i stab oppvekst, og har inntil nyleg arbeidd som rektor i kommunen. Leif Bjørnar har følgjande kontaktopplysningar:

Leif Bjørnar Hopland | Rådgjevar oppvekst

E-post: leif.bjornar.hopland@lindas.kommune.no

Telefon: + 47 56 37 54 63/+ 47 938 47 109

Vedlagt følgjer dokumentasjon frå Lindås kommune. Vedlegga er nummerert etter same rekkjefølgje som Deloitte har brukt i skrivet til kommunen, det nummer 1-6 omhandlar Generell og/eller overordna informasjon og nummer 7-15 omhandlar Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø.

Noko av dokumentasjonen de etterspør, kan slik plasserast både på Generell og/eller overordna informasjon og Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø, men då har vi lagt det berre under ein plass.

I det følgjande gir vi ei kort skildring av innhaldet i sendinga til dykk:

1.

Til dette punktet legg vi ved følgjande dokument, som blir nytta i det overordna arbeidet samt i det daglege i skulen; Lindås kommune sin kommunedelplan for oppvekst – Kvalitetsplanen (politisk vedteke), retningsliner for skulemiljø, årshjul for skuleeigar, eigenvurdering og rapport. Vi legg også ved døme på

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



innhald i årlege kvalitetssamtalar skulebesøk, som sist vart gjennomførte våren 2018. Årlege kvalitetssamtalar er eit ledd i arbeidet med vurderinga av kvalitetsutviklinga på skulane i Lindås. (6 vedlegg)

2.

Tilstandsrapport for 2017 og 2018, med tilhøyrande saksframlegg og protokoll frå handsaming i kommunestyret. (6 vedlegg)

3.

Forskrift til ordensreglement for grunnskulen i Lindås og rettleiing og lovgrunnlag til forskrifta. (2vedlegg)

Desse dokumenta er ikkje revidert etter dei nye lovendingane i 2017, men vil bli handsama i kommunane Meland, Radøy og Lindås (nye Alver kommune) i løpet av 2019.

4.

Resultat frå elevundersøkinga dei siste tre åra, både på kommunenivå og skulenivå. (1 vedlegg)

I dokumentet skildrar vi korleis kommunen analyserer, samanliknar og nyttar resultatata. Sjå også vedlegg under pkt. 1: Kvalitetssamtale – skulebesøk vår 2018.

5.

Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte tilsyn på kap. 9 a i opplæringslova i 2011 samt temaet Elevane sitt utbytte av opplæringa, Skulebasert vurdering og Forvaltningskompetanse i avgjerder om særskild tilrettelegging av opplæringa i 2016. Det var skulane Alversund og Knarvik ungdomsskule som deltok i tilsynet i 2011, medan Knarvik barneskule og Ostereidet ungdomsskule deltok i 2016.

I samband med tilsyna inviterte vi alle skuleleiarane i kommunen til å delta i oppstartsmøte og tilbakemeldingsmøte i regi av Fylkesmannen. Dette for å sikre mest mogleg læring for alle skuleleiarane, ikkje berre dei som deltek i sjølve tilsynet.

Vedlagt følgjer svarskriv frå Lindås kommune etter gjennomført tilsyn i 2011, der det går fram kva for pålegg kommunen fekk. I skrivet skildrar kommunen kva som er gjort for å imøtekome pålegga/lukke avvika. Fylkesmannen lukka tilsynet etter denne tilbakemeldinga frå kommunen.

I høve tilsynet som vart gjennomført av Fylkesmannen i 2016, legg vi ved tilsynsrapportane knytt til forvaltning (gjeld Knarvik barneskule og Ostereidet ungdomsskule) samt skriv frå Fylkesmannen med melding om avslutning av tilsynet.

I 2017 ba Fylkesmannen om ei utgreiing frå kommunen, knytt til arbeidet med det psykososiale miljøet i skulane. Vi legg ved svarskrivet frå kommunen samt tilsynsrapportar til orientering. (5 vedlegg)

6.

Liste med e-postadresse i Excel-format, ei fane for kvar skule. I oversynet har vi markert rektor sitt namn. Gje ein lyd om de også ønskjer oversyn over dei ulike stillingane, så ordnar vi det. (1 vedlegg)

7.

Skuleeigar hentar inn informasjon om skulane sin praksis etter at nytt kap. 9A i opplæringslova blei sett i verk 1. august 2017, på fleire vis.

I skuleleiarmøta er det jamleg sett av tid til påminning om lovkrava og kommunen sine retningsliner for skulemiljø. I desse møta er det også tid til erfaringsdeling og praksishistorier.

Skuleeigar får kopi av aktivitetsplanar som blir utarbeidd i skulane, og har dialog med skuleleiarane om innhald og tiltak i desse. Vedlagt følgjer døme på arbeid i skuleleiarnettverk, innkalling til skuleleiarmøte samt lysark der temaet skulemiljø er sett på agendaen. (3 vedlegg)

I møte mellom skuleeigar og den einskilde rektor blir også temaet elevane sitt skulemiljø belyst, samtalar vi har jamleg gjennom året.

Skuleeigar gjennomfører stikkprøvar i høve til vedtak og aktivitetsplanar, samt gir tilbakemelding til rektorane i høve til enkeltvedtak som blir fatta samt aktivitetsplanar som er utarbeidd.

I einskilde saker deltek skuleeigar i møte på skulen og/eller i møte med føresette kring elevane sitt skulemiljø. Dette etter avtale med rektor.

8.

I samband med praksis skildra i vedlegga under punkt 1, 4 og 7 vurderer skuleeigar om skulane sin praksis er i samsvar med lovkrava i opplæringslova. Skuleeigar lagar eit samla oversyn over stoda i skulane i kommunen, og vurderer kva for skular som har tilfredsstillande praksis, er på god veg mot tilfredsstillande praksis eller treng tiltak/hjelp/støtte for å oppnå dette.

Frå våren 2019 skal alle skulane gjennomføre eigenvurdering i Reflex samt sende ein rapport til skuleeigar. Det blir gitt individuell tilbakemelding til kvar rektor/skule i etterkant av rapport frå skulane.

Skuleeigar skal også gjennomføre eigenvurdering i Reflex i vår (april månad), og vurderer behov for tiltak på skulenivå og kommunenivå i etterkant. Dette er å reikne som internkontroll, som skal oppsummerast i ein handlingsplan frå skuleeigar si side innan 15.5.19.

9.

Felles retningsline og rutine for arbeidet med elevane sitt skulemiljø er lagt ved under punkt 1: Retningsline skulemiljø.

I tillegg legg vi ved døme på mal, skjema for varsling kap. 9a samt mal for tiltaksplan/aktivitetsplan. (2 vedlegg)

10.

Skulane gjennomfører årleg Elevundersøkinga i regi av Udir, sjå punkt 4. I tillegg er fleire andre metodar/verktøy i bruk for å få eit heilskapleg bilete av situasjonen på skulenivå og/eller klassenivå eller på individnivå.

Nokre skular har utarbeidd egne lokale undersøkingar om trivsel og mobbing (ikkje anonyme). I tillegg blir verktya Innblikk (Læringsmiljøsentret) og Elevens sjølvrapport (i regi av PPT) nytta som grunnlag for djupare innsikt i ein situasjon på gruppe- og individnivå.

Kommunen har tilsett to miljøterapeutar som arbeider førebyggjande med skulemiljøet. Dei er tilsett i stab oppvekst, og blir «lånt» ut til skulane etter behov. Her blir det tatt utgangspunkt i resultat frå Elevundersøkinga, rektor sine vurderingar samt behov for støtte i arbeidet med å utvikle positive ekulemiljø. Miljøterapeutane skal vere tett på elevane som ein trygg vaksen, ta initiativ til trivselstiltak eller aktivitet og skape arena for deltaking og fellesskap. Dei skal vere ein god samtalepartner, observatør og rollemodell.

Saman med kommunane Meland og Radøy har vi etablert eit prosjekt «Betre læringsmiljø», som skal fremje heilskap og system i arbeidet med å skape gode læringsmiljø i barnehagane og skulane. Målsetjinga med prosjektet er å etablere ein felles standard for arbeidet, samt fremje felles praksis i og mellom barnehagane og skulane.

Dette prosjektet skal halde fram i Alver kommune, og kjem til å bli sett i samanheng med satsinga til Udir; Inkluderande barnehage- og skulemiljø. Radøy kommune er med i pulje 3 på det samlingsbaserte tilbodet, og Meland og Lindås er i dialog med leiarane i barnehagane og skulane om vi skal søkje oss inn i pulje 4, med start våren 2019.

Lindås kommune deltek også i eit forskingsprosjektet i regi av NIFU/Folkehelseinstituttet, «Et lag rundt eleven». Prosjektet ser på mogleg effekt på læringsmiljø og læringsresultat, dersom ein aukar opp ressursen til helsesjuepleiar retta inn mot systematisk arbeid på 5.-7. trinn, integrasjon av kompetansar.

11.

Lindås kommune har implementert programmet Dei Utrulege Åra (DUÅ) i skular og barnehagar. Det er utdanna gruppeleiarar på kommunenivå og etablert ressurspersonar på avdelingsnivå. Eit overordna mål for programmet er å fremje gode og utviklingsstøttande relasjonar mellom barn og nære vaksne, samt positivt samspel mellom barn. Målgruppa er barn 0-12 år.

I Lindås kommune er både helsestasjon og PPT tett involvert i dette systemtiltaket.

Som vist til i punkt 10, har kommunen etablert eit prosjekt «Betre læringsmiljø» og er i prosess i høve til deltaking i I den nasjonale satsinga til Udir; Inkluderande barnehage- og skulemiljø, samlingsbasert tilbod.

12.

I samband med endringane i opplæringslova, gjeldande frå 1.8.2017, vart det lagt ut oppdatert informasjon på kommunen si heimeside. Sjå <https://www.lindas.kommune.no/innhald/skule-og-utdanning/elevvelferd/> under tema Mobbing og Skulemiljø.

Skuleeigar har oppmoda skulane om å sikre at alle føresette og elevar kjenner til rettane etter kap. 9A både i leiarsamlingar og pr. mail. Døme på korleis dette er blitt jobba med i leiarsamlingane er lagt ved under punkt 7.

Sjå også døme på mail frå skuleeigar til skulane, nytt skuleår – endringar i regelverk skulemiljø, punkt 13. Under dette punktet ligg det også meir utfyllande informasjon.

13.

Vi har lagt ved døme på korleis skulane har informert føresette og elevar om rettane i kap 9A i opplæringslova. (12 vedlegg)

14.

Rektorane oppretter aktivitetsplanar og arkiverer dei i websak, som er kommunen sitt arkiv. Det blir nytta felles kommunal mal for aktivitetsplanane. Skuleeigar får kopi av desse planane. I retningsliner (rutineskildring) for skulemiljø er ansvarsomfanget til rektor, tilsette og skuleeigar skildra. Føremålet med rutineskildringa er å gje skulane tydelege retningsliner for arbeidet med elevane sitt skulemiljø. Gjennom tydelege krav, god informasjon og aktiv deltaking på alle nivå skal skuleeigar og skulane i Lindås saman syte for at elevane sine rettar etter lovverket blir oppfylte (side 1). Sjå vedlegg under punkt 1: Retningsliner skulemiljø.

Skuleeigar oppmodar rektorane om å føre logg over saker som vedkjem elevane sitt skulemiljø, slik at dei til ei kvar tid har god oversikt over gjeldande tiltak. Døme på ein slik logg følgjer vedlagt. (1 vedlegg)

15.

Her følgjer oversyn over tal saker der det har blitt konstatert at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, og der det er blitt utarbeida aktivitetsplan. (1 vedlegg)

Anna dokumentasjon

Vi legg også ved døme på Orden- og åtferdsreglement for to skular, årshjul skulering for klassekontaktar på skulenivå, hefte til tilsette «Aktivitetsplikta» med sjekklister og handlingsplakat, døme på informasjon som er gitt til personalet om endring i lovverket samt døme på årshjul for systematisk arbeid med skulemiljøet.

Vonar det går bra å orientere seg i dokumentasjonen vi sender dykk, og at de med dette har fått den informasjonen de treng for å kunne gjennomføre forvaltningsrevisjonen.

Ta kontakt dersom noko er uklårt, eller de treng utfyllande informasjon.

Med helsing

Kristin Moe
kommunalsjef oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

1. Eigenvurdering 9a Rektor
1. Elevane sitt skulemiljø rapport frå rektor
1. Kommuneplan-for-oppvekst_2016-2028_TRYKK
1. Kvalitetssamtale - skulebesøk vår 2018
1. Retningsliner Skulemiljø kap. 9a LK frå 1.8.17
1. Årshjul oppfølging av skulane kap 9a - Til skulane
2. Tilstandsrapport 2017 Protokoll frå møte i kommunestyret
2. Tilstandsrapport 2017 Saksframlegg til kommunestyret
2. Tilstandsrapport 2017
2. Tilstandsrapport 2018 Protokoll frå møte i kommunestyret 13.12.18
2. Tilstandsrapport 2018 Saksframlegg til kommunestyret
2. Tilstandsrapport 2018
3. Ordensreglement LK
3. Rettleiing til ordensreglement LK 010111
4. Resultat frå elevundersøkinga dei tre siste åra, samt dokumentasjon analyse og samanlikning
5. Avslutning av tilsyn - Knarvik barneskule - Ostereidet ungdomsskule - forvaltningskompetanse (L)(250024)
5. Skriv til FM Uttale frå Lindås kommune - Arbeid med det psykososiale miljøet i skulane (L)(242091)
5. Tilsyn 2011, 9a, Skriv til FM Frå Lindås kommune
5. Tilsynsrapport forvaltning Knarvik barneskule 2016
5. Tilsynsrapport forvaltning Ostereidet 2016
6. Lindås kommune e-postadresse tilsette i skulane
7. Døme på arbeid i skuleleiarnettverk. 27.09.17 Program for nettverksmøte for barneskulane
7. Rektormøte 27.6.17 Elevane sitt skulemiljø Endringar i oppl.l. frå 1.8.17
7. Skuleleiarmøte 19.09.18 Elevane sitt skulemiljø
9. Mal skriftleg plan for å betre ein elev sitt skulemiljø
9. Varsling kap 9A - MAL
- 13.1 Dokumentasjon på informasjon til heimane Knarvik barneskule
- 13.2 Dokumentasjon til elevar og foreldre 2017 Alversund skule
- 13.3 døme II dokumentasjon informasjon til foreldre 2017 Alversund skule
- 13.4 Endra regelverk 9a til heimesida 2017
- 13.5 Felles epost - med referat Kløvheim skule
- 13.6 Felles foreldremøte 30.august Kløvheim skule
- 13.7 Felles foreldremøte haust 2018 9a mm Seim skule
- 13.8 Foreldremøte 28.09.2017 Seim skule
- 13.9 informasjon til elevar i klassemøte endring §9a Lindås ungdomsskule
- 13.10 nytt skuleår - endringar i regelverket skulemiljø
- 13.11 skulemiljø-skriv-til-foreldre_nynorsk ranselpost
14. døme logg for skulemiljø saker
- 13.12 Felles foreldremøte Leiknes skule
15. oversikt tal saker med aktivitetsplan 2017-18 og 2018-19
- Anna relevant 18 08 17 Orden og åtferdsreglement Seim skule
- Anna relevant døme årshjul for systematisk arbeid med skulemiljøet Lindås ungdomsskule
- Anna relevant Endring §9a - informasjon til personalet Lindås ungdomsskule
- Anna relevant Hefte til tilsette retningsliner Kap 9A -oppstart skuleåret Alversund skule
- Anna relevant Klassekontaktmøte haust 2018 Alversund skule
- Anna relevant Ordens- og åtferdsreglement med handlingsplan 2018 Alversund skule

Vedlegg:

Anna relevant Årshjul samarbeid klassekontaktar - kontaktlærer Alversund skule 1

Mottakarar:

Deloitte